

DISTRIKTSÅRSMØTE 2026

21.-22. MARS



Innhald:

	Side
Sakliste og saksunderlag til distriktsårsmøtet	4-11
Konstituering	4
Årsmelding 2025	4
Rekneskap 2025	5
Handlingsprogram 2024 – 2026	5
Fastsetting av distriktsavgifta for 2026	7
Justert budsjett 2026	7
Rammebudsjett 2027	8
Tillegg til § 13.f i lover for Sogn og Fjordane Røde Kors	9
Landsmøtet 2026	9
Val	10
Tid og stad for distriktsårsmøtet i 2027	10
 <u>Vedlegg til sakene:</u>	
<i>(Årsmelding og rekneskap i eige vedlegg)</i>	
Kontrollkomiteen si melding til årsmøte	13
Handlingsprogram – overordna og retningsgjevande: Fornyning eller forvitring?	14
Handlingsprogram – mål for innsatsområda	16
Forslag til justert budsjett 2026	18
Forslag til rammebudsjett 2027	19
Lover for Sogn og Fjordane Røde Kors (justert som foreslått med tillegg til § 13.f)	20
Valnemnda sitt framlegg til val av distriktsstyre og kontrollkomité	27
Distriktsstyret sitt framlegg til valnemnd	29
Valnemnda sitt framlegg til val av distriktsråd hjelpekorps	30
Distriktsråd hjelpekorps sitt framlegg til valnemnd	31
Valnemnda sitt framlegg til val av distriktsråd omsorg	32
Distriktsråd omsorg sitt framlegg til valnemnd	33
Distriktsråd for Røde Kors Ungdom (og valnemnd) til valmøtet 18. mars 2026	34

Innkalling til

ÅRSMØTE i Sogn og Fjordane Røde Kors

**Laurdag 21. og søndag 22. mars 2026
på Grand Hotel Skei, Skei i Jølster**

- **Registrering mellom kl. 0830 – 0930.**
- Valmøta for distriktråda og lokalstyremøtet er kl. 0930-1200
- Lunsj på hotellet kl. 1200 – 1315.
- **Distriktsårsmøtet vert opna kl. 1330.** Møtedeltakarar og gjester er på plass kl. 1320.

Dagsorden:

- Sak Å-01/26: Godkjenning av innkalling
- Sak Å-02/26: Godkjenning av sakliste
- Sak Å-03/26: Val av ordstyrarar
- Sak Å-04/26: Val av to representantar til å skrive under møteboka saman med leiar
- Sak Å-05/26: Val av tre personar til teljekomite
- Sak Å-06/26: Val av fire personar til redaksjonskomité
- Sak Å-07/26: Årsmelding 2025 frå distriktsstyret
- Sak Å-08/26: Rekneskap 2025 for Sogn og Fjordane Røde Kors
- Sak Å-09/26: Handlingsprogram for 2024 – 2026
- Sak Å-10/26: Fastsetting av distriktsavgifta for 2026
- Sak Å-11/26: Justert budsjett 2026
- Sak Å-12/26: Rammebudsjett 2027
- Sak Å-13/26: Tillegg til § 13 i lover for Sogn og Fjordane Røde Kors
- Sak Å-14/26: Landsmøtet 2026
- Sak Å-15/26: Val av distriktsstyret, kontrollkomite og valkomite
- Sak A-16/26: Stadfesting av stad for distriktsårsmøtet i 2027

Førde, 24. februar 2026

Jon Atle Sagebø-Rise
distriktsleiar

**Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026
innkalling med saksunderlag**

Konstituering av møtet:

Sak Å-01/26: Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: Innkallinga vert godkjent

Sak Å-02/26: Godkjenning av sakliste

Framlegg til vedtak: Saklista vert godkjent

Sak Å-03/26: Val av to ordstyrarar

Framlegg til vedtak: (framlegg i møtet)

Sak Å-04/26: Val av to representantar til å skrive under møteboka saman med leiar

Framlegg til vedtak: (framlegg i møtet)

Sak Å-05/26: Val av tre personar til teljekomité

Framlegg til vedtak: (framlegg i møtet)

Sak Å-06/26: Val av fire personar til redaksjonskomité

Framlegg til vedtak: (framlegg i møtet)

Om året som er vorte historie:

Sak Å-07/26: Årsmelding 2025 frå distriktsstyret

Det vert vist til vedlagte Årsmelding 2025 for Sogn og Fjordane Røde Kors. Distriktsstyret har i sak 31 og 32/26 godkjent årsmeldinga og legg den fram for distriktsårsmøtet til godkjenning. Distriktsstyret si korte årsmelding vil bli oppdatert med reviderte rekneskapstal så snart desse ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner distriktsstyret si årsmelding for 2025.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026
innkalling med saksunderlag

Sak Å-08/26: Rekneskapen 2025 for Sogn og Fjordane Røde Kors

Om rekneskapen

Revidert rekneskap og revisjonsmeldinga er ikkje klar til utsending saman med det øvrige saksunderlaget til årsmøtet. Hovudårsaka til dette er knytt til utfordringar ved omlegging til nytt, sentralt rekneskapsystem i Røde Kors.

Det ligg såleis utanfor distriktsstyret sin kontroll at revidert rekneskap ikkje ligg føre i tide. Distriktsstyret legg likevel til grunn at avslutta og revidert rekneskap skal vise eit reelt bilete av disposisjonane til distriktet i 2025.

Målet er at revidert rekneskap blir handsama i distriktsstyret og saman med revisjonsmeldinga gjort tilgjengeleg for årsmøtet så snart dokumenta er klare. Distriktsstyret legg opp til å gjennomgå og presentere rekneskapen i årsmøtet.

Dette saksunderlaget er ikkje sendt ut til årsmøtet i samsvar med lovsett frist. I samband med si avsluttande handsaming av rekneskapen vil distriktsstyret vurdere og konkludere om det skal innstille for handsaming av rekneskapen i distriktsårsmøtet eller i seinare, ekstraordinært møte. Det er opp til distriktsårsmøtet å avgjere om rekneskapen skal handsamast i det ordinære årsmøtet eller i seinare møte.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2025.

Om året i år og åra som kjem:

Sak Å-09/26: Handlingsprogram for 2024 – 2026

I eige vedlegg til saksunderlaget er distriktsstyret sitt framlegg til årleg vedtak av handlingsprogrammet. Ordlyden i overordna og retningsgjevande tekst er uendra frå vedtaket i 2025. Tilsvarande gjeld målformuleringane for dei humanitære og organisatoriske innsatsområda.

I 2017 vedtok distriktsårsmøtet å dele handlingsprogrammet i to delar; ein overordna del som var målsett og gjev retning, og som ligg til grunn for distriktsårsmøtet sitt vedtak, og ein operativ del som distriktsstyret, -råda og utvala arbeider etter i løpet av driftsåret, og justerer om det er trong for det. I 2018 vart det gjort endringar i den overordna delen. I ein innleiande del vart funn frå rapporten Sosial puls referert og lagt til grunn for mål distriktet skal nå i løpet av landsmøteperioden. Den overordna delen vart vedtatt å gjelde for perioden 2018 – 2020, tilsvarande landsmøteperioden.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026 innkalling med saksunderlag

Distriktsårsmøtet 2021 vedtok å vidareføre dette oppsettet for landsmøteperiodane 2021 – 2023 og seinare 2024 - 2026. Det vart lagt vekt på å sette tydeleg retning for kva utvikling vi ynskjer for åra framover i distriktet vårt. Vi står mykje sterkare om vi er samde om dette. Og klarar vi å dra saman i felles retning kan vi få til mykje meir. Det viser historia til Røde Kors i Sogn og Fjordane.

Retning må settast og konkluderast med utgangspunkt i ein normalsituasjon. Koronapandemien sette avgrensingar for aktiviteten både i 2020, 2021 og i overgangen til 2022. Når vi avviklar distriktsårsmøtet i år har krigen i Ukraina vart i over fire år. Den har påverka oss på ulikt vis, men det merkast truleg mest i lokalsamfunn der ukrainske flyktningar har busett seg. Mange frivillige har vore involvert i lokal aktivitet for å hjelpe og inkludere desse.

Det siste året har verdsleiarar forsterka dei usikre føresetnadene i vår eigen verdsdel. Ordet 'krig' vert brukt i daglegtale, som det verst tenkjelege alternativet av kva vi kan stå ovafor. Også for Røde Kors gjev dette nye perspektiv og utfordringar. Som støtteaktør for styresmaktene i fred og krig, har Røde Kors ei definert rolle. Men å vite kva vi faktisk skal gjere, og vere budd og klar til å ivareta desse funksjonane, må ha stor merksemd på framover – i alle ledd.

I fjor innarbeidde distriktsstyret dette i den overordna teksten og i den målsette delen av distriktet sitt handlingsprogram. Distriktsstyret håpar at lokale tillitsvalde kjenner seg att i og kan slutte seg til, og heilhjarta støtte opp om og bidra til det desse formuleringane inneber.

Med dette ligg kursen fast. Stadig nye rapportar stadfestar at det i stor grad er dei same gruppene som før som treng hjelp og støtte, men i aukande grad og omfang. Utfordringa er korleis vi skal klare å få nok frivillige til å bidra. Vi har utfordringar med å få nok frivillige til å bidra til noverande tilbod. Og behova er aukande. Skal vi då likevel utvide tilbodet? Har vi nok frivillig kapasitet til å gjere det? Kan vi eventuelt få nye frivillige til å bidra?

Distriktsstyret foreslo på dette grunnlaget å prioritere kapasitet på kontoret til å jobbe meir med barn og unge i årsmøtet 2025. Det har tatt tid å realisere dei økonomiske føresetnadene for ei slik satsing, men ambisjonen står fast.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet godkjenner overordna, retningsgjevande tekst og mål for dei ulike innsatsområda i Handlingsprogram 2024 – 2026 med dei oppdateringane som er innarbeidd i møtet.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026 innkalling med saksunderlag

Sak Å-10/26: Fastsetting av distriktsavgifta for 2026

Bakgrunn for distriktsavgifta går fram av Vedtak og Ordninger av Varig Verdi:

Driftstilskudd fra lokale ledd til distriktsorganisasjonen (som vedtatt av Representantskapet 23.-24.11.1991 og godkjent av Landsstyret 4.2.2000)

Tilskudd fra de lokale ledd til distriktsorganisasjonene skal baseres på en bestemt avgift pr innbygger i kommunen/geografisk område. Distriktsorganisasjonene fastsetter avgiftens størrelse. Driftstilskuddet kan ikke øremerkes særskilte tiltak.

Landsstyret gjorde slikt vedtak den 15. desember 2006:

For å forenkle kontantstrømmen i organisasjonen, anbefaler Landsstyret at tilskuddet fra de lokale ledd til distriktsorganisasjonene [ihht til VOVV 4.2.3] i 2007 settes til kr 0,-

Distrikt som følger denne anbefalingen vil motta kompensasjon fra Landsstyret tilsvarende det beløpet distriktet inntektsførte som tilskudd fra sine lokale ledd i 2006. Kompensasjonen vil medføre tilsvarende reduksjon i distriktets samlede tildeling fra "Fond for lokal humanitær aktivitet".'

I Sogn og Fjordane var satsen for distriktsavgifta som lokale ledd betalte inn til distriktet, kr. 2,- pr innbygger i 2006. Distriktsårsmøta har i åra etterpå gjort vedtak om å sette satsen for distriktsavgifta til kr. 0,- i samsvar med vedtaket i Landsstyret. Distriktet får ikkje lenger kompensasjon for manglande avgift.

Distriktsstyret innstiller for distriktsårsmøtet i 2026 å oppretthalde '0' i avgift.

Framlegg til vedtak:

Distriktsavgifta, som lokale ledd betalar til distriktet for kvar innbygger, vert sett til kr. 0,- for 2026.

Sak Å-11/26: Justert budsjett 2026

Distriktsstyret vil handsame og innstille til vedtak av justert budsjett for 2026 når rekneskapen for 2025 er avslutta og revidert. Framlegg til justert budsjett vert såleis ettersendt til årsmøtet, og gjennomgått der.

I åra 2014 – 21 var aktivitetsresultatet med unnatak av 2019, positivt. I 2020 og i 2021 var det budsjettert med store negative resultat, men pandemien endra føresetnadene. Åra etter har distriktsårsmøta vedtatt å oppretthalde eit høgt aktivitetsnivå og budsjettert med å finansiere mogelege underskott ved bruk av øyremerka og anna føremålskapital. Erfaringane viser at distriktet desse åra ikkje har nytta den vedtatte budsjettråma fullt ut.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026 innkalling med saksunderlag

Distriktsstyret foreslår at justert budsjett 2026 samsvarar med rammebudsjett 2026, slik årsmøtet 2025 vedtok, med budsjettert bruk av føremålskapital på inntil 700.000 kroner.

Råme for investering i utstyr

Frå og med 2007 har distriktsårsmøta stadfesta ein handlingsregel for distriktsstyret til å kunne gjere investeringar på inntil 10 % av anna føremålskapital utover det som er lagt inn i budsjettet. Handlingsrommet har gjeve distriktsstyret høve til å vurdere investeringar og dekke behov for utstyr til bruk i distriktsleddet og i lokale ledd, som er kome i løpet av året. Handlingsrommet er utnytta i ulik grad desse åra, men er aldri nytta fullt ut.

Distriktsstyret foreslår for årsmøtet å gjere vedtak om at 10 % av anna føremålskapital er disponibel råme for investeringar i utstyr for 2026.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet godkjenner framlegg til justert budsjett 2026.

Distriktsstyret får mynde til å gjere bruk av inntil 10 % av annan formålskapital til investeringar i utstyr i 2026.

Sak Å-12/26: Rammebudsjett 2027

Distriktsstyret vil handsame og innstille til vedtak av rammebudsjett 2027 når justert budsjett for 2026 og rekneskapen for 2025 er avslutta og revidert. Framlegg til rammebudsjett vert såleis ettersendt til årsmøtet, og gjennomgått der.

Budsjetta er dei siste åra gjort opp i balanse ved å nytte føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar og anna føremålskapital. Distriktsstyret legg til grunn at det ikkje skal nyttast meir av sjølvpålagte avsetnader og anna (fri) føremålskapital til å balansere rammebudsjett for 2027 enn i 2026.

Distriktsstyret foreslår at distriktårsmøtet gjer vedtak om å gje distriktsstyret mynde til å gjere bruk av inntil 10 % av annan føremålskapital til investeringar i 2027, tilsvarande som for 2026 og tidlegare år.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet godkjenner framlegg til rammebudsjett for 2027.

Distriktstyre får mynde til å gjere bruk av inntil 10 % av annan formålskapital til investeringar i utstyr i 2026.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026
innkalling med saksunderlag

Sak Å-13/26: Tillegg til § 13 i lover for Sogn og Fjordane Røde Kors

I samband med at distriktet gjennomførte eit ekstraordinært årsmøte i haust for å gjere val av revisor, vart det òg gjort ei talmessig pressisering av § 13.f etter innspel frå nasjonalkontoret.

Ved gjennomføring av det ekstraordinære årsmøtet vart ein var på at det òg var eit manglande første ledd i § 13 i distriktet sine lover, samanlikna med lovnorm for distrikta.

I lovnorm for distrikta står nemleg dette i første ledd: *§ 13. Årsmøtet ledes av lederen i distriktsstyret.* Det som gjer dette utfordrande er at det er vist til denne formuleringa i § 15, om ekstraordinært årsmøte. Distriktsstyret legg difor fram for distriktsårsmøtet å innarbeide denne formuleringa i distriktet sine lover.

I eige vedlegg til saksunderlaget er distriktet sine gjeldande lover.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet vedtek å legge formuleringa 'Årsmøtet vert leia av leiaren av distriktsstyret' inn som første ledd i § 13 i distriktet sine lover.

Sak Å-13/26: Landsmøtet 2026

2.-4. oktober i år vert landsmøtet i Røde Kors arrangert på Gardermoen. Frivillige i Røde Kors i Sogn og Fjordane har engasjert seg i førebuingane til dei fleste landsmøta tidlegare, sendt inn grunngevnne innspel til saker som er sendt ut på høyring og fremma eigne saker. Distriktet har ofte stilt med ein særskild førebudd delegasjon, og vore aktiv, argumentert for og fremma forslag til endringar i landsmøtesalen.

I 2011 sende distriktet inn framlegg til vedtak i landsmøtet i saker knytt til styrking av tilretteleggarfunksjonen i distrikta, om bruken av Røde Kors-bøssene, om at Røde Kors-dagen 8. mai skal nyttast til organisasjonsbygging, og om at Røde Kors må prioritere medlemsarbeidet.

I 2014 sende distriktet framlegg til eit alternativt handlingsprogram, og framlegg til vedtak om styrking av distrikta sin tilretteleggarfunksjon. I 2017 sende distriktet inn framlegg til vedtak om å styrke lokal humanitær kapasitet gjennom å styrke distrikta si tilretteleggarfunksjon, om at lokalforeiningane det gjeld, sjølv skal vurdere og vedta tidsavgrensa eller varige organisatoriske endringar dei er del av. Begge desse sakene hadde tilknytning til prosessen Røde Kors mot 2020.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026 innkalling med saksunderlag

I og i forkant av landsmøta etter 2008 har distriktet engasjert seg for å bidra til lover og bestemmelsar som kan sikre eit velfungerande landsstyre, og eit styre med god dialog og nært samarbeid med Det sentrale råd (distriktsleiarane).

I 2020 sende distriktet ikkje eigne saker til handsaming i landsmøtet, men det vart lagt ein del arbeid i høyringsinnspela til nytt handlingsprogram, Lover og bestemmelsar, og Røde Kors mot 2020-2030.

I 2023 sende distriktsstyret to eigne saker; ei om satsing på barn og unge, og ei om satsing på organisasjonsfrivillige. Begge sakene vart vedtekne. Barn og unge-saka etter samkøyring med to andre distrikt som òg hadde fremja saker om slik satsing. Organisasjonsfrivillig-saka vart vedteke med 95 % av stemmene i landsmøtet.

Distriktet har sendt inn framlegg til justeringar av lover og bestemmelsar i ei førebuande høyring til dette arbeidet før landsmøtet i år. Det vil framover bli gjennomført høyringar om nytt handlingsprogram, Lover og bestemmelsar, og anna. Distriktsstyret vil sende innspel frå distriktet, og oppmodar lokale ledd om å bidra til høyringane, direkte eller via distriktet.

Distriktsstyret oppmodar lokalforeiningane om å sende delegat til landsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet gjev distriktsstyret i mandat å sende høyringsinnspel på vegne av distriktet. Distriktsstyret får òg mynde til å fremme og støtte saker som vert fremma til landsmøtet 2026, som distriktsstyret vurderer vil vere styrkande for lokale ledd i Sogn og Fjordane. Best mogeleg føresetnader for at lokale ledd i Sogn og Fjordane kan drive behovsretta, lokal humanitær aktivitet i lang tid framover, skal vere retningsgjevande i denne samanheng.

Sak Å-15/26: Val

Det vert vist til årsmelding for 2025, side ..., for oversikt over tillitsvalde som er på val, samt til vedlagte framlegg frå valkomitéen og frå distriktsstyret.

Sak Å-16/26: Tid og stad for distriktsårsmøtet i 2027

I 2010, 2011 og 2012 var distriktsårsmøtet på Skei, i 2013 i Sogndal, i 2014 i Balestrand, i 2015 i Flåm, i 2016 i Loen, i 2017 i Førde, i 2018 i Balestrand, og i 2019 på Skei. Årsmøtet var lagt til Sogndal i 2020 og i 2021, men vart avvikla digitalt. Sogndal vart årsmøtestad i 2022, Flåm i 2023, og Balestrand i 2024.

Årsmøte i Sogn og Fjordane Røde Kors 21. – 22. mars 2026 innkalling med saksunderlag

Distriktsstyret har i mange år fått mynde av årsmøtet til å velge stad for årsmøtet. I forkant av årsmøtet i 2024 vart lokale ledd invitert til å gje innspel til om distriktsårsmøtet skal gjennomførast meir sentralt i distriktet kvart år (eller fleire år på rad), til skilnad frå ei ordning der det var lagt opp til at stadval var knytt til at lokalforeiningar inviterer distriktet til seg.

Resultatet av høyringa vart presentert i 2024-årsmøtet, og med framlegg til vedtak om å gjere avtale med eit hotell ein sentral stad i distriktet, for å gjennomføre årsmøtet der fleire år etter kvarandre. Distriktsårsmøtet slutta seg til framlegget, og det vart i etterkant gjort avtale med Thon hotell Jølster på Skei.

Tradisjonelt har distriktsårsmøtet vore halde helga før palmehelga i påska. Distriktsstyret foreslår å legge distriktsårsmøtet i 2027 til helga 12. – 13. mars.

Framlegg til vedtak:

Distriktsårsmøtet 2027 vert gjennomført helga 12. – 13. mars på Skei.

Notater:

Årsmelding for 2025 frå kontrollkomiteen i Sogn og Fjordane Røde Kors

Sidan årsmøte har kontrollkomiteen vore sett saman slik:

Leiar: Margunn Masdal, Førde

Nestleiar: Kjell Ese, Balestrand

Medlem: Harald Engevik, Florø

Varamedlem: Sigurd Strand, Olden

I denne årsmøteperioden har kontrollkomiteen hatt fire møte og fatta to vedtak via e-post. Møta er haldne i Førde.

Kontrollkomiteen har hatt tilgang til det lovverket, dei instruksane og dei protokollane komiteen har bede om. Dette omfattar mellom anna møtebøkene for distriktsstyret, inkludert aktivitetsrapportar, møtebøkene for arbeidsutvalet, distriktsråd hjelpekorps, distriktsråd omsorg, distriktsråd ungdom, beredskapsutvalet og internasjonalt utval. Gjennomføringa av aktiviteten er, slik kontrollkomiteen har observert det, i hovudsak innanfor dei råd og retningslinjer som lokale og sentrale styresmakter har fastsett.

Komiteen vart tidleg gjort kjent med manglande samsvar mellom vedteke lovverk i årsmøtet i april og praksis ved gjennomføringa av valet av distriktsstyret. Det vart konkludert med at dette avviket skuldast ein skrivefeil i det vedtekne lovverket, og at feilen ikkje hadde praktiske konsekvensar for organisasjonen.

Skrivefeilen i lovverket vart retta opp på eit ekstraordinært årsmøte i november. Utover dette har kontrollkomiteen ikkje funne avvik knytt til lovverk eller årsmøtevedtak i dei dokumenta som er lagt fram for komiteen. Kontrollkomiteen har fått svar på dei spørsmåla som er stilte, og har heller ikkje mottatt klager eller innspel frå råd, medlemmar eller andre knytte til arbeidet som vert utført i distriktsorganisasjonen.

Kontrollkomiteen har motteke årsmelding, rekneskap og revisormelding for 2025. Komiteen konstaterer at den reviderte rekneskapen ikkje vart lagt fram for årsmøtet innan gjeldande fristar. Kontrollkomiteen legg til grunn at dette vert følgt opp, slik at fristane vert overhaldne i framtida.

Møtebøkene og aktivitetsrapportane gir eit godt innblikk i den omfattande aktiviteten som går føre seg i Sogn og Fjordane Røde Kors.

Kontrollkomiteen meiner at distriktsstyret, med underliggjande råd og utval på distriktsnivå, i samarbeid med distriktskontoret, i hovudsak etterlever dei forventningane som årsmøtet, hovudprogrammet og handlingsprogrammet stiller.

Førde, 18.03.2026

Sign. Margunn Masdal, leiar

Sign. Kjell Ese, nestleiar

Sign. Harald Engevik, medlem

Sign. Sigurd Strand, varamedlem

FORNYING ELLER FORVITRING?

Verda rundt oss er i konstant endring. Endring som skjer brått og kanskje uventa, kan skape uvisse. Uvisse kan vere knytt til føresetnader vi har tatt for gitt, og som no vert utfordra.

Sogn og Fjordane Røde Kors har vist seg vere villig til endring. Og vi er innstilt på å tilpasse oss, også når verda rundt oss vert usikker. Eller spesielt då.

Røde Kors si lange og viktige rolle som støtteaktør i lokalsamfunn i fredstid, og i konfliktområder rundt om i heile, gjev eit truverde som vi skal halde høgt og verne om. Det er i slike stunder ein kan vise karakter, og vise kven ein er. Det er viktigare enn nokon gong.

Med oppdatert kunnskap om dei største humanitære behova, stiller vi opp for dei som treng oss aller mest. Frå statistikk og forskning ser vi fleire born i fattige familiar, og meir einsemd og psykiske lidingar. Sjansen aukar for naturkatastrofar grunna klimaendringar.

På alle desse områda er det trong for både fornya og forsterka humanitær innsats frå Røde Kors. Skal vi klare det, blir rekruttering av nye og aktive medlemmer særskilt viktig i tida framover. Her skal vi utnytte dei digitale verktøya våre for alt dei er verdt.

Kven vi er

I Sogn og Fjordane er vi særskilt tydelege på at Røde Kors-aktiviteten skjer lokalt i regi av lokale frivillige. Det er sjølv fundamentet i røsla vår. Ei sterk lokal frivillig forankring sikrar drivkraft, medeigarskap og medansvar for utvikling av lokal aktivitet og lokal organisasjon.

Distriktet si rolle er å vere rådgjevar, pådrivar og koordinator for lokal utvikling og drift av aktivitet og organisasjon. Distriktet skal utfordre lokale ledd når det er kunnskap som tilseier at det er trong for endring. Difor vil distriktet i denne perioden fortsette å utfordre lokale ledd til å styrke sitt lokale organisatoriske fundament. Vi skal ikkje ha synkende medlemstal. Det skal auke. Difor vil distriktet òg vidareføre satsinga på unge frivillige. Dei representerer framtida. Vi treng nye hender, og unge stemmer. Saman skal vi utfordre våre tradisjonar. Slik blir vi sterke.

Kva vi gjer

Å satse på dei unge har òg ei humanitær side. Det er stadig fleire born som veks opp i fattige familiar. Kunnskap stadfestar at fattigdom, psykiske lidingar, rus o.a. er tett knytt til korleis ein hadde det i oppveksten. Ein god barndom varer heile livet – på same måten som tidleg lidning og sosial naud kan henge med og prege livet ein får som vaksen. Distriktet vil difor vidareføre og styrke innsatsen for barn og unge i utsette livssituasjonar. Til det treng vi fleire frivillige.

Stadig fleire kjenner på utanforskap og einsemd. Psykisk helse er eit utfordrande og omfattande tema. Krig i Europa, og andre usikre føresetnader, kan gjere fleire utrygge. Dei siste åra har det vore ein aukande andel søk og aksjonar der personar med demens og psykiske lidingar er involvert. Distriktet vil bidra til å styrke den førebyggjande innsatsen i lokale ledd, og bidra som talsperson for å sette psykisk helse på den offentlege agendaen.

Akutte humanitære behov som kjem av ekstremvêr er tydeleg heime og ute. Distriktet vil bidra til at vi som beredskapsaktør står betre rusta. Både for å møte humanitære behov som er resultat av klimaendringar, og for å trygge lokalsamfunna våre når det er naudsynt. Det skal vi gjere i samarbeid med lokale styremakter, og ved å kvalifisere frivillige til innsats i førstelinje og i støttefunksjonar.

Korleis vi gjer det

Distriktet vil vere pådrivar for at digitale løysingar vert tatt i bruk i alle ledd. Det er viktig for å få nye tillitsvalde til å engasjere seg. Dei ventar at Røde Kors har effektive, digitale løysingar som lettar operativ innsats og administrativt arbeid. Digitale løysingar er òg viktig for å sikre at frivillige som melder seg vert tatt godt i mot, får opplæring og kjem raskt i aktivitet. Det er òg viktig for å sikre personvernet til deltakarar i aktivitet.

Via ulike løysingar og kanalar kan vi synleggjere betre kva frivillige i Røde Kors gjer og kva Røde Kors står for. Det kan føre til at fleire blir interessert i å bidra. Slik kan vi få fleire hjelpande hender.

I åra som kjem skal vi særleg vere merksame på og rette innsatsen inn mot å

Styrke arbeidet med inkludering

Kjensle av utanforskap er felles for barn som lever i familiar med varig svak økonomi, for sosialt isolerte og for psykisk sjuke. I landsmøteperioden 2024-2026 vil vi styrke vårt arbeid med å inkludere utsette grupper i våre lokalsamfunn. Alle har vi ressursar som kan nyttast.

Det er stadig fleire born som veks opp i familiar med varig svak økonomi. Desse familiane har ikkje råd til det dei fleste tek for gitt. Ikkje berre veks barna opp med foreldra si bekymring, dei får ofte ikkje delta i lokalsamfunnet på linje med andre. Vi ønskjer å hjelpe gjennom våre gratis ferietilbod, støtte i juletida og andre lågterskel aktivitetar for barn og unge, og ved å tale deira sak der vi kan.

Stadig fleire kjenner på einsemd og sosial isolasjon, og det gjeld ikkje berre dei eldste. Dette har konsekvensar for både den psykiske og fysiske helsa til dei det gjeld. Vi ønskjer å styrke arbeidet med å bringe folk saman gjennom sosiale aktivitetar i lokalsamfunna og ein til ein-tilbod. Dette er særleg viktig i tider som oppleves usikre og utfordrande.

Press, stress, uoppnåelege ideal og psykisk uhelse heng ofte saman, spesielt hjå ungdomen. Vi skal ha tilbod innan psykisk helse og vere talsperson for dei som slit. Menn er overrepresentert på statistikkar som tyder på ulike former for utanforskap. Vi skal søke kunnskap om årsaker til dette, og om tiltak som kan virke førebyggjande.

For å få dette til, skal vi styrke kunnskapsgrunnlaget vårt, slik at vi lettare kan utvikle oss, finne løysingar og gjere tiltak som har enda betre humanitær effekt. I dette ligg det også å søke nye digitale verktøy, som lettar arbeidet, som tek i vare personvernet, og som gjer oss i betre stand til å ta imot nye frivillige og få dei raskt og trygt ut i aktivitet.

Det er vanlege menneske i lokalsamfunna som skal gjere denne jobben. Vi skal arbeide målretta for at nye medlemmer og frivillige av alle valørar vil vere med. Eit godt tilsig av frivillige og mangfald i frivilligheita, vil legge det beste grunnlaget for å avdekke, hindre og lindre naud og lidning.

Handlingsprogram 2024-2026 – Mål for humanitære innsatsområde

2.1 Humanitære verdier – Vi er ei sterk stemme for humanitære verdier

Distriktet skal vere pådrivar for å fremje menneskeverd og likeverd, og vere talsperson for menneske som lir, vert utsette for overgrep, opplever utanforskap eller einsemd. Det skal skje ved:

- å formidle kunnskap om krigens folkerett, menneskerettane og Røde Kors-prinsippa.
- å formidle kunnskap om humanitære behov som er lokalt, nasjonalt og internasjonalt.
- dialog og samarbeid med lokale ledd i Georgia Røde Kors for gjensidig læring og utvikling.
- auke kunnskapen blant våre eigne om folkeretten, menneskerettane og Røde Kors-prinsippa

2.2 Redde liv - Menneske er budde og responderer på, og kjem seg raskt etter kriser

Distriktet skal vere pådrivar for å sikre kapasitet og kompetanse innan beredskap slik at distriktet og lokale ledd er godt budde på kriser. Det skal skje ved:

- å auke kunnskapen, oppdatere planverk, avklare roller og ansvar, og gjennomføre øvingar.
- støtte til avklart samhandling med kommunane og andre aktørar.
- å styrke beredskapen på dei humanitære følgjene av klimaendringar.
- å auka førstehjelpskunnskapen blant eigne frivillige og i lokalsamfunnet
- sikre samspelet mellom hjelpekorps, ungdom og omsorg i beredskapsarbeidet

Distriktet skal vere pådrivar for å sikre nødvendig kapasitet og kompetanse innan søk og redning for å dekke behova i området vårt. Det skal skje ved å:

- sikre stabilt tal operative hjelpekorps med kompetente leiarar.
- sikre tilvekst av nye, godkjende hjelpekorpsarar.
- utdanne nye aksjonsleiarar og fagansvarlege.
- legge til rette for og vidareutvikle spesialgruppene (inkl. RØFF) og dei lokale einingane.

2.3 Trygg oppvekst - Barn og unge utviklar seg i trygge omgjevnader, prega av inkluderande fellesskap.

Distriktet skal vere pådrivar for at barn og barnefamiliar får oppleve merksemd, meistring, læring og inkluderande fellesskap, som dei kan bygge vidare på i kvardagen. Det skal skje ved:

- tilbod om Ferie for alle-opphald sommar- og vinterstid, og elles i året.
- gode personlege opplevingar og deltaking på fellesarrangement i juletida og elles i året

Distriktet skal vere pådrivar for at barn og unge får høve til å delta, oppleve å bety noko, samt utvikle seg gjennom deltaking og frivillig engasjement, og slik utvikle gode haldningar og gode handlingar ovafor andre. Det skal skje ved å

- fremme og drøfte tema som ung psykisk helse, utestenging, seksualitet og seksuell helse
- legge betre til rette for lokale tilbod for målgruppene til Barnas Røde Kors, RØFF og RK Ungdom.

2.4 Fellesskap og livsmeistring – Menneske opplever livsmeistring og har tilgang til inkluderande fellesskap gjennom alle delar av livet

Distriktet skal vere pådrivar for sikre nødvendig kapasitet og kompetanse til at menneske med behov for sosial kontakt opplever å bli sett, og blir invitert med i aktivitet. Det skal skje ved at:

- frivillige blir invitert til kvalifiserande temakurs innan omsorgsfeltet, m.a. om demens
- besøkstenestene utviklar lokale tilbod med besøk til heimebuande og gjennom fellesaktivitetar
- fleire lokale ledd legg til rette for inkluderande møteplassar og fellesarrangement lokalt.

Distriktet skal vere pådrivar for at tilflyttarar opplever inkluderande støtte i si sosiale etablering i lokalsamfunnet. Det skal skje ved

- opne møteplassar, fellesaktivitetar og arrangement som fellesturar og lokale familiedagar
- felles Til Topps-tur i regi av distriktet, og lokale turgrupper

Handlingsprogram 2024-2026 – Mål for organisatoriske innsatsområde

3.1 Styrke frivilligheita - Vi inspirerer, mobiliserer og klarer å få medlemmer og frivillige til å bli

Distriktet skal vere pådrivar for å styrke den lokale Røde Kors-organisasjonen med fleire engasjerte medlemmer. Dei som melder seg vert kontakta, får opplæring og kjem i aktivitet. Det skal skje ved

- planmessig rekruttering av medlemmer og for at dei vert verande lengre i Røde Kors.
- effektiv oppfølging av medlemmer og frivillige i dialog og samhandling med lokale ledd.
- å vidareutvikle kurshaldarar som inspirerer frivillige og gjer dei trygge i aktivitet og verv
- å bidra til auka interesse for og engasjement i Røde Kors blant ungdom og yngre frivillige
- sikre planmessig informasjon internt og utad via ulike kanalar og plattformer, inkl. lokale.

3.2 Open og inkluderande - Vi vidareutviklar oss som ein open, inkluderande og mangfaldig organisasjon

Distriktet skal vere pådrivar for ein organisasjonskultur som er open og inkluderande, og som er prega av tillit, respekt, kunnskap og mangfald. Det skal skje ved å

- bidra til å utvikle og støtte leiarar med evne til og ynskje om å sette felles retning
- bidra til involverande og fordomsfri dialog internt i organisasjonen og i høve andre
- bidra til styrka likestilling og auka mangfald i alle ledd
- bidra til læring, nytenking, endring og betring, gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling
- handsame person- og saksopplysningar i samsvar med den nye personvernlovgevinga

3.3 Berekraftig framtid -Vi sikrar finansiering, reduserer klimaavtrykket og arbeider framtidsetta med digitalisering

Distriktet skal vere pådrivar for at

- frivillige og tillitsvalde blir inspirert til å aktivt bruke dei digitale verktøya i organisasjonen.
- frivillige og deltakarar er godt informert og ivaretatt før, under og etter aktivitet
- lokale vurderingar av frivillig og organisatorisk berekraft skal vektleggast ved nye satsingar
- inntektsarbeidet vert styrka for å sikre flest moglege tilgang på hjelp
- informasjon om korleis vi brukar midlar og leverer resultat vert gjort tilgjengeleg og formidla
- det vert sett utviklingsmål som reduserer klima- og miljøavtrykk, og som er etisk forsvarlege
- lokale styresmakter har meir merksemd på humanitære konsekvensar av klimaendringane

Sogn og Fjordane Røde Kors Justert budsjett 2026

	Budsjett 2026	Rekneskap 2025	Rekneskap 2024
Innhenta midlar			
Medlemsinntekter	100 000	100 791	99 938
Offentlege tilskott	1 515 000	1 551 915	1 033 972
Andre tilskott	15 015 000	15 354 816	14 460 561
Innsamla midlar og g�aver	2 750 000	1 143 699	4 199 626
Opptente inntekter fr� operasjonelle aktivitetar fordelt p�:			
- operasjonelle aktivitetar som fyller organisasjonen sitt f�rem�l		-	
- aktivitetar som fyller organisasjonen sitt f�rem�l	700 000	512 236	858 544
Finans- og investeringsinntekter	250 000	289 467	379 139
Andre inntekter	1 600 000	144 134	1 798
Sum innhenta midlar	21 930 000	19 097 059	21 033 578
Brukte midlar			
Kostnader til innhenting av midlar			
Kostnader til organisasjonen sitt f�rem�l fordelt p�:			
- tilskott, l�yvingar mv. til fylling av organisasjonen sitt f�rem�l	3 900 000	3 867 781	5 476 689
- kostnader til aktivitetar som fyller f�rem�let			
Humanit�ere verdiar	1 250 000	1 521 126	1 324 492
Redde liv	3 300 000	3 101 916	2 950 350
Trygg oppvekst	4 815 000	4 181 007	4 473 641
Fellesskap og livsmeistring	1 020 000	1 326 863	1 032 105
Styrke frivilligheita	2 775 000	2 615 198	2 819 603
Open og inkluderande	1 975 000	1 903 154	1 928 774
Berekraftig framtid	600 000	-	917 261
Sum kostnader til aktivitetar som oppfyller form�let	15 735 000	14 649 264	15 446 226
Administrasjonskostnader	2 950 000	1 939 576	1 256 832
Sum brukte midlar	22 585 000	20 456 621	22 179 747
Aktivitetsresultat for �ret	-655 000	-1 359 563	-1 146 168
Tillegg/reduksjon av f�rem�lskapital			
Form�lskapital med eksternt p�lagte restriksjoner		-	
F�rem�lskapital med sj�lvp�lagde restriksjonar		-648 175	-121 187
F�rem�lskapital - aktiverte midlar til dekking av avskrivningar		-219 557	139 417
Anna f�rem�lskapital	-655 000	-362 000	-1 164 398
Sum tillegg/reduksjon av f�rem�lskapital	-655 000	-1 229 732	-1 146 168
�rsresultat	0	-129 830	

Sogn og Fjordane Røde Kors Rammebudsjett 2027

	Ramme- budsjett 2027	Justert budsjett 2026	Rekneskap 2025
Innhenta midlar			
Medlemsinntekter	100 000	100 000	100 791
Offentlege tilskott	1 500 000	1 515 000	1 551 915
Andre tilskott	15 000 000	15 015 000	15 354 816
Innsamla midlar og gåver	3 000 000	2 750 000	1 143 699
Opptente inntekter frå operasjonelle aktivitetar fordelt på:			
- operasjonelle aktivitetar som fyller organisasjonen sitt føremål			-
- aktivitetar som fyller organisasjonen sitt føremål	850 000	700 000	512 236
Finans- og investeringsinntekter	250 000	250 000	289 467
Andre inntekter	1 500 000	1 600 000	144 134
Sum innhenta midlar	22 200 000	21 930 000	19 097 059
Brukte midlar			
Kostnader til innhenting av midlar			
Kostnader til organisasjonen sitt føremål fordelt på:			
- tilskott, løyvingar mv. til fylling av organisasjonen sitt føremål	3 500 000	3 900 000	3 867 781
- kostnader til aktivitetar som fyller føremålet			
Humanitære verdiar	1 300 000	1 250 000	1 521 126
Redde liv	3 400 000	3 300 000	3 101 916
Trygg oppvekst	4 850 000	4 815 000	4 181 007
Fellesskap og livsmeistring	1 200 000	1 020 000	1 326 863
Styrke frivilligheita	2 800 000	2 775 000	2 615 198
Open og inkluderande	2 000 000	1 975 000	1 903 154
Berekraftig framtid	600 000	600 000	-
Sum kostnader til aktivitetar som oppfyller formålet	16 150 000	15 735 000	14 649 264
Administrasjonskostnader	2 450 000	2 950 000	1 939 576
Sum brukte midlar	22 100 000	22 585 000	20 456 621
Aktivitetsresultat for året	100 000	-655 000	-1 359 563
Tillegg/reduksjon av føremålskapital			
Formålskapital med eksternt pålagte restriksjoner			-
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar			-648 175
Føremålskapital - aktiverte midlar til dekking av avskrivningar			-219 557
Anna føremålskapital		-655 000	-362 000
Sum tillegg/reduksjon av føremålskapital		-655 000	-1 229 732
Årsresultat	100 000	0	-129 830

Lover for Sogn og Fjordane Røde Kors

(omsett frå bokmål, vedteke i distriktsårs møtet 22.03.2015, justert i seinare distriktsårs møte, seinast i ekstraordinært årsmøte 10.-14.10.25, i samsvar med gjeldande lovnorm (Landsstyret, 1.12.2023))

Kapittel I. Formål

§ 1

Sogn og Fjordane Røde Kors¹ vart skipa den 17. oktober 1946, er eit sjølvstendig organisasjonsledd og representerer Røde Kors i Sogn og Fjordane.

§ 2

Distriktet si oppgåve er å arbeide for Røde Kors sine prinsipp og føremål innanfor Sogn og Fjordane, og legge til rette for at lokal- foreiningane har eit humanitært tilbod i alle kommunane i distriktet, ta initiativ til aktivitetar, kurs, beredskapstiltak o.l., samt støtte lokalforeiningane ved fellestiltak og aktivitetar som lokalforeiningane ber om spesiell støtte til.

Distriktsstyret bør motivere og arbeide for at lokalforeiningar i ein og same kommune primært går saman og skipar òi lokalforeining, eller sekundært sikrar anna samarbeidsform.

Distriktet er eit service- og samordningsledd mellom lokalforeiningane og foreininga sine andre ledd, og skal arbeide i samsvar med Lover for Røde Kors, og vedtak samt retningslinjer fatta av Landsmøtet og Landsstyret.

Kapittel II. Organisasjon – Medlemskap

§ 3

Sogn og Fjordane Røde Kors omfattar lokalforeiningar i Sogn og Fjordane og er det organisasjonsmessige og administrative ledd mellom desse og Norges Røde Kors. Dersom det innan eit geografisk område ikkje er ei lokalforeining kan medlemskap i Røde Kors verte teikna direkte i Sogn og Fjordane Røde Kors, jf. Røde Kors sine lover § 8.

Medlemskontingenten vert fastsett av Røde Kors sitt Landsstyre, jf. Lover for Røde Kors § 8.

Berre medlemmar i Røde Kors kan ha tillitsverv i Røde Kors sine organisasjons-ledd, jf. Lover for Røde Kors § 8.

Landsstyret kan stille spesielle kvalitets- og alderskrav, krav til å vere eigna samt krav til medlemskap i Røde Kors for å kunne utføre bestemte verv eller aktivitetar i dei enkelte organisasjonsledd.

Etter tilråding frå distriktsstyret har distriktet sitt årsmøte høve til å utnemne æresmedlemer av Sogn og Fjordane Røde Kors.

¹ Med Sogn og Fjordane Røde Kors er i det fylgjande meint distriktsleddet sjølv, distriktsråd og arbeidsgrupper.

§ 4

Distriktet sine organ er distriktsstyret kontrollkomiteen og årsmøtet.

Kapittel III. Alminnelege vedtekter

§ 5

Sogn og Fjordane Røde Kors rår over egne midlar innanfor ramma av Røde Kors sine føremål. Det åleine er ansvarleg for dei plikter det tek på seg - jf. Lover for Røde Kors §§ 12 og 24.

Distriktet skal ha felles økonomi.

Rekneskapa skal vere revidert av statsautorisert eller registrert revisor, vald av årsmøtet.

§ 6

Berre representantar som har fylt 15 år har stemmerett på distriktet sine møte. Denne aldersgrensa gjeld likevel ikkje for leiarar i som representerer Røde Kors Ungdom i distriktet sine møte. Aldersgrensa gjeld heller ikkje Røde Kors Ungdom sine egne møte. Der er aldersgrensa 13 – 30 år.

Røde Kors skal òg legge til rette for at medlemmer under 13 år har møteplassar der dei kan fremme sine synspunkt eller verke inn på arbeidet i organisasjonen.

Berre frammøtte representantar kan stemme. Blanke stemmer vert haldne utanfor ved opteljing.

§ 7

Vedtak om endring av desse lovene krev to tredjedels fleirtal i årsmøte eller i ekstra- ordinært møte.

Elles vert vedtak i distriktet sitt styret og distriktsråd avgjort ved alminneleg fleirtal. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande. Dette gjeld ikkje ved val.

§ 8

Tillitsvalde, valde av distriktet skal halde fram i sine verv til det er halde nytt val i lovleg innkalla møte.

§ 9

Ein frivillig i distriktsforeininga sin aktivitet som ikkje viser seg egna eller som opptrer slik som omtala i Lover for Norges Røde Kors § 10.2, kan stengast ute frå aktiviteten av distriktsstyret.

Ein tillitsvald i distriktsforeininga som opptrer slik som omtala i Lover for Norges Røde Kors § 10.3, kan suspenderast av landsstyret.

Eit medlem eller ein frivillig som opptrer slik som omtala i Lover for Norges Røde Kors § 10.4, kan ekskluderast av landsstyret.

§ 10

Ei avgjerd frå årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte kan ankast i samsvar med Lover for Røde Kors § 16 og Bestemmelse om anke over vedtak frå årsmøter.

Kapittel IV. Årsmøtet

§ 11

Årsmøtet er Sogn og Fjordane Røde Kors sitt høgste mynde. Årsmøtet som vert halde innan utgangen av april månad kvart år, er sett saman av medlemmer av distriktsstyret og distriktsråda, samt representantar for lokalforeiningane og lokalråda, valde eller utpeika i samsvar med distriktet sine lover.

Tid og stad vert fastsett av distriktsstyret, som kallar inn til årsmøtet med 21 dagars varsel. Dagsorden og saksdokument vert sende ut saman med innkallinga.

Berre lokalforeiningar som har betalt eventuell avgift til distriktet for føregående år, har stemmerett på årsmøtet.

Årsmøtet har vedtaksmynde når det er innkalla i samsvar med lovene i Røde Kors, og godkjenninga av årsmøteinnkallinga er gjort med delegatar frå minst halvparten av lokalforeiningane til stades.

§ 12

Lokalforeiningane deltek på distriktsårsmøtet med:

- leiar eller nestleiar i lokalforeininga,
- leiar eller nestleiar for lokalråda for høvesvis Røde Kors Hjelpekorps, Røde Kors Omsorg og/eller Røde Kors Ungdom.

Dersom lokalstyret har rolla som lokalråd kan lokalstyret i staden oppnemne delegat(ar) frå respektiv(e) avdeling(ar), helst styremedlem(er).

Dersom korkje leiar eller nestleiar kan møte, kan distriktsstyret gje dispensasjon frå denne paragrafen.

§ 13 **Årsmøtet vert leia av leiaren av distriktsstyret.**

Årsmøtet skal:

- a) Godkjenne distriktsstyret si årsmelding og revidert rekneskap for føregående år.
- b) Godkjenne distriktsstyret sine framlegg til justerte handlingsprogram og budsjett for inneverande år.
- c) Godkjenne distriktsstyret sine handlingsprogram og budsjett for den totale verksemda det komande året, i dette og fastsetjing av tilskott og eventuell del av medlemskontingenten frå lokalforeiningane.
- d) Vedta endringar i distriktet sine lover
- e) Godkjenne eventuelle årsmeldingar og handlingsprogram for distriktsråda.
- f) Val av leiar, nestleiar, tre medlemmer og to varamedlemmer til distriktsstyret.
- g) Val av revisor.
- h) Val av leiar, medlemmer og vara-medlemmer av valnemnd.
- i) Val av kontrollkomité og instruks for denne.

- j) Innkomne framlegg. Framlegg må vere distriktsstyret i hende to månader før årsmøtet. Framlegg til lovendingar frå andre enn styret må vere distriktsstyret i hende innan utgangen av desember månad.

Årsmøtet kan velje ein ordstyrar for handsaming av sakene i årsmøtet. Årsmøtet utnemner æresmedlemer etter framlegg frå distriktsstyret.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet, som skal underteiknast av distriktsleiar og to av årsmøtedelegatane. Protokollen skal ha i seg alle vedtak i årsmøtet og resultat av røystinga. Tal røysteføre skal òg gå fram av protokollen.

§ 14

Medlemer og varamedlemer i distriktsstyret vert valde for to år om gongen.

Leiar og nestleiar bør ikkje veljast same året. Desse vala skal vere skriftlege.

Om fleire enn to kandidatar stiller til val og ingen av dei får minst halvparten av stemmene, vert det halde omval mellom dei to kandidatane som har flest stemmer. Gjev omvalet ikkje fleirtal for ein kandidat, vert det halde loddrekning.

Nyvalde medlemer og varamedlemer tek til i sine verv straks etter at årsmøtet er avslutta.

§ 15

Ekstraordinært møte kan haldast når distriktsstyret finn det naudsynt, eller når ein tredjedel eller fleire av distriktet sine lokalforeiningar krev det. Slikt ekstraordinært møte vert kalla saman med åtte dagars varsel, og kan berre handsame dei sakene som har vore årsak til innkallinga.

Vedtektene i §12 og i §13, første ledd, gjeld på same måte.

Kapittel V. Distriktsstyret

§ 16

Distriktsstyret leiar distriktet si verksemd og forvaltar distriktet sine midlar etter vedtak gjort i årsmøtet. Styret representerer landsforeininga og distriktet sine lokalforeiningar i møte med fylkeskommunen og andre offentlege føretak.

§ 17

Styret er sett saman av leiar, nestleiar, tre styremedlemer og to varamedlemer som vert valde av årsmøtet, og tre distriktrådsleiarar for høvesvis Røde Kors Hjelpekorps, Røde Kors Omsorg og Røde Kors Ungdom.

Dei tre distriktrådsleiarane med nestleiarane som vararepresentantar går inn i distriktsstyret som fullverdige medlemer utan bunde mandat.

Fleirtalet av styret sine medlemer samt eitt varamedlem må ha fylt 18 år.

Distriktsstyret sin leiar er medlem av Det Sentrale Råd i Norges Røde Kors, med nestleiar som varamedlem.

§ 18

Distriktsleiaren kallar inn styret til møte så ofte som det trengst. Kvart medlem av styret og dagleg leiar i distriktet kan krevje at styret vert kalla saman.

Distriktsstyret skal ha minst 4 styremøte i året. Styret er vedtaksført når meir enn halvdelen av styret, medrekna distriktsleiar eller nestleiar er tilstades.

Styret fører protokoll over sine forhandlingar og vedtak.

§ 19

Distriktsstyret kan opprette eit arbeidsutval, som består av leiaren og to av styret sine medlemmer, utpeika av dette.

§ 20

Distriktssekretariatet vert leia av ein dagleg leiar, tilsett av landsforeininga etter innstilling frå eit innstillingsråd, der distriktsstyret er representert ved distriktsleiaren. Distriktsstyret fastset roller og oppgåver mellom distriktsstyret og distriktskontor med referanse til vedtatt handlingsprogram for distriktet.

Noregs Røde Kors ved generalsekretæren har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette ved distriktskontoret. Med det fylgjer òg plikta til å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Oppdragsgjevaransvaret, det å styre og fordele oppgåver, ligg til distriktsstyret. Generalsekretæren sitt arbeidsgjevaransvar tek ikkje bort distriktsstyret sitt ansvar for å sikre eit ansvarleg arbeidsmiljø, men kjem i tillegg til dette.

§ 21

Distriktet vert forplikta av distriktsstyret ved underskrift av distriktsleiar/nestleiar med parafering av dagleg leiar/stedfortreder.

Dagleg leiar bind distriktet i saker som går inn under den daglege leiinga.

§ 22

Mellom årsmøta kan distriktsstyret kalle saman leiarane og eventuelt det tal styremedlemmer frå kvar av lokalforeiningane som dei finn tenleg, for gjensidige orienteringar, einingsutveksling osv.

§ 23

Distriktsstyret sender innan utgangen av april månad på fastsett måte, melding om distriktet si verksemd og revidert rekneskap for førre kalenderår til Landsstyret.

Årsmelding og rekneskap skal sendast anten årsmøtet har vore halde eller ikkje. Endringar som årsmøtet måtte vedta, vert å melde til Landsstyret straks etter at årsmøtet er avslutta.

Kapittel VI. Distriktsråd

§ 24

Som rådgjevande organ for distriktsstyret skal det opprettast distriktsråd for:

- Røde Kors Hjelpekorps
- Røde Kors Omsorg
- Røde Kors Ungdom

Råda er distriktet sitt høgaste faglege organ innan dei respektive fagområda. Distriktsråda leiar aktivitetar innan dei respektive fagområda i samsvar med handlingsprogram og budsjett som er vedteke av distriktet sitt årsmøte og bestemmelser vedteke av landsstyret.

Distriktsråda er dei organisasjonsmessige og faglege bindeledda mellom distriktsstyret og dei respektive fagområda i lokalforeiningane. Distriktsråda skal sjå til at distriktsstyret sine vedtak som gjeld den totale verksemda i Røde Kors i distriktet, vert etterlevd fagleg i lokalforeiningane.

§ 25

Distriktsråda skal ha beredskapsfokus og arbeidet skal vere grunna i hovudprogrammet for Norges Røde Kors.

§ 26

Distriktsråda er samansett slik;

- Røde Kors Hjelpekorps: leiar, nestleiar og *tre til fire medlemmer, og ein til to varamedlemmer.*
- Røde Kors Omsorg: leiar, nestleiar og fire medlemmer og *inntil to varamedlemmer.*
- Røde Kors Ungdom: leiar, nestleiar, *ein til fire medlemmer og inntil to varamedlemmer.*

Leiar av distriktsrådet er fullverdig medlem av distriktsstyret med nestleiar som varamedlem. Leiaren innkallar distriktsrådet til minst to møte kvart år.

Medlem og varamedlem til distriktsråd som vert valde som medlem eller varamedlem av Landsstyret/Landsrådet eller distriktsstyret, trer automatisk ut av distriktsrådet.

§ 27

Distriktsrådet sender innan dato fastsett av distriktsstyret eventuell årsmelding/ rekneskap for førre kalenderår og eventuelt framlegg til handlingsprogram/budsjett for neste kalenderår til distriktsstyret. Desse vert inkluderte i distriktsstyret si årsmelding, rekneskap og handlingsprogram/budsjett.

§ 28

Distriktsråda vert valde i samsvar med 'Bestemmelser for val i Røde Kors'. Nyvalde distriktsrådsmedlemmer og varamedlemmer tek over sine verv straks etter at distriktet sitt årsmøte er avslutta².

² Dersom Røde Kors Ungdom arrangerer sitt årsmøte på anna tidspunkt enn i tilknytning til distriktet sitt årsmøte, skal nyvalde medlemmer og varamedlemmer ta over sine verv rett etter at konferansen er avslutta. Distriktsstyret skal bli informert om resultatet av valet.

§ 29

Når distriktsrådet finn det naudsynt eller når ein tredjedel eller fleire av vedkommande avdelingar krev det, kan distriktsrådet – med samtykke frå distriktsstyret - kalle inn til andre møte enn valmøtet, med deltaking av representantar for avdelingane.

Kapittel VII Ressursgrupper

§ 30

Distriktsstyret og distriktråda kan – etter behov - opprette ressursgrupper. Ei ressursgruppe skal løyse oppgåver etter mandat frå det styret/rådet som oppretta dei.

Kapittel VIII. Oppløysing

§ 31

Sogn og Fjordane Røde Kors kan oppløysast av årsmøtet eller av ekstra-ordinært møte etter vedtak med to tredjedels fleirtal, jf. Lov for Norges Røde Kors § 25.

Kapittel IX. Gjeldande frå

§ 32

Desse lovene, som gjeld frå 17. mars 2024, krev godkjenning av Landsstyret.

Vedtak om endring må, for å vere gjeldande, vere godkjende av Landsstyret.

Innstilling til val på årsmøtet 2026

Distriktsstyret og kontrollkomiteen

Valnemnda er samansett av:

Leiar: Knut Henning Grepstad, Leikanger
Medlem: Astri Kyrkjeeide, Stryn
Medlem: Vebjørn Leite Olsen, Florø
Medlem: Katinka Hauge Barsnes, Sogndal*
Vara: Arne Dale, Hyllestad

Valnemnda sitt arbeid er utført ved hjelp av e-post og møte på Teams. Alle lokalforeiningane blei varsla om valet gjennom Agenda (distriktet sitt nyhendebrev), der nominasjonar vart gjort via digitalt skjema i Microsoft Forms.

* Merknad: Katinka Hauge Barsnes melde seg ut av valnemnda når ho vart lansert som kandidat til distriktsstyret.

Valnemnda si innstilling til distriktsstyret

Samansettinga av dagens distriktsstyre:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	På val
Leiar	Jon Atle Sagebø-Rise	Svelgen-Bremanger	2027
Nestleiar	Synøve Sande	Svelgen-Bremanger	2026
Medlem	Anita Hjørnevang	Luster	2027
Medlem	Jostein Vedvik	Førde	2027
Medlem	Per Kristian Storevik	Stryn	2026
D-råd hjelpekorps	Sonja Molvik Myrekrok	Høyanger	2026
D-råd Omsorg	Britt Karin Skulstad Optun	Luster	2027
D-råd Ung	Sunniva F. Buset	Svelgen-Bremanger	2026
Varamedlem	Norvall Nøringset	Førde	2026
Varamedlem	Harald Offerdal	Balestrand	2027

Valnemnda har fått inn følgende kandidatar til distriktsstyret:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	Framlegg av
Nestleiar	Anita Hjørnevang	Luster	Luster, Olden, Stryn
Medlem	Per Kristian Storevik	Stryn	Luster, Olden, Stryn
Medlem	Harald Offerdal	Balestrand	Valnemnda
Medlem, varamedlem	Magnus Sævik	Eid	Eid
Varamedlem	Katinka Hauge Barsnes	Sogndal	Valnemnda

Valnemnda si innstilling:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	På val
Nestleiar	Anita Hjørnevig	Luster	2028
Medlem	Per Kristian Storevik	Stryn	2028
Medlem	Harald Offerdal	Balestrand	2028
Varamedlem	Katinka Hauge Barsnes	Sogndal	2028
Varamedlem	Magnus Sævik	Eid	2027

Distriktsstyret vil etter valet sjå slik ut:

Verv	Namn	Lokalforeining	På val
Leiar	Jon Atle Sagebø-Rise	Svelgen-Bremanger	2027
Nestleiar	Anita Hjørnevig	Luster	2028
Medlem	Harald Offerdal	Balestrand	2028
Medlem	Jostein Vedvik	Førde	2027
Medlem	Per Kristian Storevik	Stryn	2028
D-råd hjelpekorps	NN		2028
D-råd omsorg	Britt Karin Skulstad Optun	Luster	2027
D-råd ung	NN		2028
1.varamedlem	Katinka Hauge Barsnes	Sogndal	2028
2.varamedlem	Magnus Sævik	Eid	2027

Valnemnda si innstilling til kontrollkomiteen
--

Samansettinga av kontrollkomiteen har vore:

Verv	Namn	Lokalforeining	På val
Leiar	Margunn Masdal	Førde	2026
Medlem	Kjell Ese	Balestrand	2027
Medlem	Harald Engevik	Florø	2026
Varamedlem	Sigurd Strand	Olden	2027

Valnemnda har fått inn følgjande kandidatar til kontrollkomiteen:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	Framlegg av
Leiar	Margunn Masdal	Førde	Stryn
Medlem	Sigurd Strand	Olden	Stryn, Olden
Varamedlem	Per I. Rimmen	Florø	Stryn

Valnemnda si innstilling:

Verv	Namn	Lokalforeining	På val
Leiar	Margunn Masdal	Førde	2028
Medlem	Sigurd Strand	Olden	2028
Varamedlem	Per I. Rimmen	Florø	2027

Kontrollkomiteen vil etter valet sjå slik ut:

Verv	Namn	Lokalforeining	På val
Leiar	Margunn Masdal	Førde	2028
Medlem	Kjell Ese	Balestrand	2027
Medlem	Sigurd Strand	Olden	2028
Varamedlem	Per I. Rimmen	Florø	2027

Distriktsstyret si innstilling til valnemnd**Distriktsstyret si innstilling til valnemnd: (alle blir valt for eitt år)**

Leiar	Knut Henning Grepstad	Leikanger	Attval
Medlem	Astri Kyrkjeeide	Stryn	Attval
Medlem	Ingvild Myrekrok Ruskedal	Høyanger	Ny
Medlem	Vebjørn Leite Olsen	Florø	Attval
Varamedlem	Margrethe Skåden	Gulen	Ny

Distriktsstyret si innstilling til revisor**Distriktsstyret innstiller Cedra Norge AS som revisor**

Cedra Norge AS har vore distriktet sin revisor, er statsautorisert, og utfører sine oppgåver på oppdrag og i samsvar med gjeldande lover og retningsliner.

På distriktet sitt ekstraordinære årsmøte i oktober vart det vedtatt at Deloitte SpinCo AS heldt fram som revisor etter å endra namn frå Deloitte AS. Deloitte SpinCo AS har no endra namn til Cedra Norge AS.

Med beste helsing

Knut Henning Grepstad
Leiar i valnemnda

Jon Atle Sagebø-Rise
Leiar i distriktsstyret

Innstilling til val på valmøtet for Hjelpekorps 2026

Valnemnda er samansett av:

Leiar: Ove Fortun, Luster
Medlem: John Petter Svedal, Leikanger
Medlem: Øystein Torheim, Stryn
Vara: Kenneth Kalhagen, Hafslo
Vara: Einar Helge Hansen, Jølster

Valnemnda sitt arbeid er utført ved hjelp av ei lukka facebook-gruppe, e-post, telefon og Teams-møte. Alle korpsa blei varsla om valet gjennom Agenda (distriktet si vekentlege nyhendebrev), der nominasjonar vart gjort via digitalt skjema i Microsoft Forms eller på e-post direkte til valnemnda.

Valnemnda si innstilling til nytt distriktsråd hjelpekorps

Samansetninga av dagens distriktsråd:

Verv	Kandidat	Hjelpekorps	På val
Leiar	Sonja Molvik Myrekrok	Vadheim	2026
Nestleiar/adm.leiar	Arne Reme	Stryn	2026
Operativ leiar	Anita Kristin Vik	Stryn	2027
Medlem	Monika Lysne	Lærdal	2027
Medlem	Leo Husabø Cirotzki	Svelgen-Bremanger	2027
Medlem	Håvard Espelund	Hafslo	2026
Varamedlem	Ingeborg Nesheim	Stryn	2027

Valnemnda har fått inn følgjande kandidatar til distriktsråd Hjelpekorps:

Kandidat	Hjelpekorps	Verv	Framlegg av
Arne Reme	Stryn	Nestleiar/adm.leiar	Aurland, Leikanger, Luster, Stryn, Vadheim
Sonja Molvik Myrekrok	Vadheim	Leiar	Aurland, Leikanger, Luster, Vadheim, Område ytre
Håvard Espelund	Hafslo	Medlem	Aurland, Leikanger, Luster, Vadheim

Valnemnda si innstilling:

Verv	Kandidat	Hjelpekorps	På val
Leiar	Sonja Molvik Myrekrok	Vadheim	2028
Nestleiar/adm.leiar	Arne Reme	Stryn	2028
Medlem	Håvard Espelund	Hafslo	2028

Medlemar og varamedlemar av distriktsråd hjelpekorps vert valde for **2 år** om gongen.

Valmøte hjelpekorps 2026

Innstilling til val

Distriktsrådet vil etter valet sjå slik ut:

Verv	Kandidat	Hjelpekorps	På val
Leiar	Sonja Molvik Myrekrok	Vadheim	2028
Nestleiar/adm.leiar	Arne Reme	Stryn	2028
Operativ leiar	Anita Kristin Vik	Stryn	2027
Medlem	Monika Lysne	Lærdal	2027
Medlem	Leo Husabø Cirotzki	Svelgen-Bremanger	2027
Medlem	Håvard Espelund	Hafslo	2028
Varamedlem	Ingeborg Nesheim	Stryn	2027

Distriktsrådet si innstilling til ny valnemnd for distriktsråd hjelpekorps

Valnemnda si samansetting i dag:

Leiar	Ove Fortun	Luster
Medlem	John Petter Svedal	Leikanger
Medlem	Øystein Torheim	Eid
Vara	Kenneth Kalhagen	Hafslo
Vara	Einar Helge Hansen	Jølster

Distriktsrådet si innstilling til valnemnd (valt for 1 år):

Leiar	Ove Fortun	Luster
Medlem	John Petter Svedal	Leikanger
Medlem	Øystein Torheim	Eid
Vara	Kenneth Kalhagen	Hafslo
Vara	Linn Christin Fløholm	Hyllestad

24. februar 2026

Med beste helsing

Ove Fortun
Leiar for valnemnda

Sonja M. Myrekrok
Leiar i distriktsrådet

Innstilling til val på valmøtet for Omsorg 2026

Valnemnda er samansett av:

Leiar: Bjørg Eikum Tang, Sogndal

Medlem: Ingunn Nessen, Askvoll

Medlem: Jan W. Sande, Førde

Vara: Eva Jensen, Florø

Valnemnda sitt arbeid er utført ved hjelp av e-post og møte på Teams. Alle lokalforeiningane blei varsla om valet gjennom Agenda (distriktet sitt nyhendebrev), der nominasjonar vart gjort via digitalt skjema i Microsoft Forms.

Valnemnda si innstilling til distriktsråd omsorg

Samansetninga av dagens distriktsråd:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	På val
Leiar	Britt Karin Skulstad Optun	Luster	2027
Nestleiar	Jorunn Selseng Aasen	Førde	2026
Medlem	Arild Finne Nybø	Førde	2026
Medlem	Nina Heggenes Gjermundstad	Høyanger	2027
Medlem	Ingunn Myroldhaug Skarstein	Olden	2027
Medlem	Gunn Kirsten Fondenes	Sogndal	2027
Varamedlem	Else Drageset	Jølster	2026
Varamedlem	Toril Fjørtoft	Eid	2026

Valnemnda har fått inn følgjande kandidatar til distriktsråd omsorg:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	Framlegg av
Varamedlem	Toril Fjørtoft	Eid	Luster, Olden
Varamedlem	Else Drageset	Jølster	Luster, Olden
Nestleiar	Jorunn Selseng Aasen	Førde	Luster, Olden
Medlem	Arild Finne Nybø	Førde	Luster, Olden
Varamedlem	Dag Inge Dæmring	Eid	Valnemnda

Valnemnda si innstilling:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	På val
Nestleiar	Jorunn Selseng Aasen	Førde	2028
Medlem	Arild Finne Nybø	Førde	2028
1. Varamedlem	Else Drageset	Jølster	2028
2. Varamedlem	Toril Fjørtoft	Eid	2028
3. Varamedlem	Dag Inge Dæmring	Eid	2028

Distriktsrådet vil etter valet sjå slik ut:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	På val
Leiar	Britt Karin Skulstad Optun	Luster	2027
Medlem	Jorunn Selseng Aasen	Førde	2028
Medlem	Arild Finne Nybø	Førde	2028
Medlem	Gunn Fondenes	Sogndal	2027
Medlem	Ingunn Myroldhaug Skarstein	Olden	2027
Medlem	Nina Heggenes Gjermundstad	Høyanger	2027
1. Varamedlem	Else Drageset	Jølster	2028
2. Varamedlem	Toril Fjørtoft	Eid	2028
3. Varamedlem	Dag Inge Dæmring	Eid	2028

Distriktsrådet si innstilling til valnemnd

Distriktsrådet si innstilling til valnemnd: (alle blir valt for eitt år)

Leiar	Arne Arthur Dale	Hyllestad	Ny
Medlem	Jan W. Sande	Førde	Attval
Medlem	Ingunn Nessen	Askvoll	Attval
Varamedlem	Eva Jensen	Florø	Attval

Med beste helsing

Bjørg Eikum Tang
Leiar i valnemnda

Britt Karin Skulstad Optun
Leiar i distriktsrådet

Innstilling til val på valmøtet for ung 2026

Valmøte for distriktsråd ung og valnemnd ung vert halde digitalt på Teams 18. mars kl. 18.00.
Alle i distriktsråd ung og valnemnd ung blir valt for eit år om gongen.

For Distriktsråd ung skal det veljast:

- Leiar 1 år (frå 15 år og betalande medlem)
- Nestleiar 1 år (frå 15 år og betalande medlem)
- 4 medlemmer 1 år (frå 13 til fylte 31 år)
- 2 varamedlemmer 1 år (frå 13 til fylte 31 år)

I tillegg skal det veljast valnemnd ung:

- Leiar 1 år
- Medlem 1 år
- Medlem 1 år

Valnemnda si innstilling til distriktsråd ung

Valnemnda er samansett av:

Leiar: Marte Heggstad, Luster

Medlem: Jostein Vedvik, Førde

Medlem: Jon Atle Sagebø-Rise, Svelgen-Bremanger

Samansetninga av dagens distriktsråd:

Verv	Namn	Lokalforeining	Status
Leiar	Sunniva Fjeldstad Buset	Svelgen-Bremanger	Ynskjer attval
Nestleiar	Oline Kristine Myklebust	Førde	Ynskjer attval
Medlem	Eyvin Bøkenes	Lærdal	Ynskjer attval
Medlem	Thomas Kiviranta	Eid	Ynskjer attval
Medlem	Hege Anett Nygård Seljeset	Eid	Ynskjer attval
Varamedlem	Hiba Alnuaimat	Florø	Tek ikkje attval

Valnemnda sitt arbeid har vore leia av Marte Heggstad og utført ved hjelp av e-post, telefon, Teams-møte, samt samtaler med kandidatar. Alle lokalforeiningane blei varsla om valet gjennom Agenda (distriktet sitt nyhendebrev), der nominasjonar vart gjort via digitalt skjema i Microsoft Forms eller på e-post. Det har kome åtte skriftlege framlegg på seks kandidatar til distriktsråd ung.

Valnemnda si innstilling:

Verv	Kandidat	Lokalforeining	Periode
Leiar	Sunniva Fjeldstad Buset	Svelgen-Bremanger	2026-2027
Nestleiar	Oline Kristine Myklebust	Førde	2026-2027
Medlem	Thomas Kiviranta	Eid	2026-2027
Medlem	Eyvin Bøkenes	Lærdal	2026-2027
Medlem	Ada-Sofie Heimsæter	Eid	2026-2027

Medlem	Maya Sofie Rouen Haug	Førde	2026-2027
Varamedlem	Hege Anett Nygård Seljeset	Eid	2026-2027
Varamedlem	Maria Dalseth	Eid	2026-2027

Alle i distriktsråd ung blir valt for eit år om gongen.

Distriktsrådet vil etter valet sjå slik ut:

Verv	Namn	Lokalforeining	På val
Leiar	Sunniva Fjeldstad Buset	Svelgen-Bremanger	2027
Nestleiar	Oline Kristine Myklebust	Førde	2027
Medlem	Thomas Kiviranta	Eid	2027
Medlem	Eyvin Bøkenes	Lærdal	2027
Medlem	Ada-Sofie Heimsæter	Eid	2027
Medlem	Maya Sofie Rouen Haug	Førde	2027
Varamedlem	Hege Anett Nygård Seljeset	Eid	2027
Varamedlem	Maria Dalseth	Eid	2027

Distriktsrådet si innstilling til valnemnd

Samansetninga av dagens valnemnd:

Verv	Namn	Lokalforeining	Status
Leiar	Marte Heggstad	Luster	Ynskjer attval
Medlem	Jostein Vedvik	Førde	Ynskjer attval
Medlem	Jon Atle Sagebø-Rise	Svelgen-Bremanger	Tek ikkje attval

Distriktsrådet har kome fram til innstillinga etter samtalar med kandidatane.

Distriktsrådet si innstilling til valnemnd (alle vert valt for eitt år):

Leiar	Marte Heggstad	Luster	2026-2027
Medlem	Jostein Vedvik	Førde	2026-2027
Medlem	Ledig		2026-2027

Med beste helsing

Marte Heggstad
Leiar i valnemnda

Sunniva Fjeldstad Buset
Leiar i distriktsrådet

Sogn og Fjordane Røde Kors

Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Telefon: 57 72 31 30
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no
Organisasjonsnummer: 983 198 422
Bankkonto: 3700.20.27616

 rodekors.no/sfj  youtube.com/sfrodekors

 [@sfrodekors](https://facebook.com/sfrodekors)  [@sfrodekors](https://instagram.com/sfrodekors)

**RØDE KORS-PRINSIPPA: HUMANITET,
UPARTISKEIT, NØYTRALITET, UAVHENGIGHEIT,
FRIVILLIGHEIT, EINSKAP, UNIVERSALITET**

 **Røde Kors Sogn og Fjordane**